



Karmøy kommune
Teknisk etat

Kultur- og kirkedep.
KU
22.03.0001
Ku 2
2004 / 363 - 068

Det kongelige kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

Dato: 22.03.04
Deres ref:

Saksbeh: Knut H. Nesse
Saksnr: 04/00772-002
Løpenr: 010080/04
Arkivkode: L32 &00

SVAR - FORSLAG TIL ENDRING AV STEDSNAVN - HØRING - FRIST 22.03.04

1. Dei fleste navnesakene er kurante, og me meiner at dei treng ikkje den tids- og resurskrevjande førehavinga som gjeld no. Skrivemåten har vore uendra i mange år, og me treng ikkje provosera fram avvikande syn!
2. Me går imot å endra "den nedervde lokale uttalen" til "den lokale talemålsforma av namnet". Den fyrste formuleringa tek betre vare på stadnamnet som eit kulturminne, og vernar det betre mot skiftande språkpolitiske rettskrivingsvindar.
3. For å unngå strid, må det brukast ubunden form i eintal av sterke hokjønnsord når gjeldande rettskrivingsprinsipp er på kollisjonskurs med "den nedervde lokale uttalen". Eks: Karmøynå (e), Kvednavikjå (e) må skrivast Karmøy og Kvednavik. Det må på Sør-Vestlandet kunna brukast dn for rn sidan dette er eit sterkt og sermerkt målføreteikn for landsdelen. Eks: Kvednavik, Hodnafjell, Toskartjødn. (I område på Austlandet kan ein skriva tjønn for normalforma tjern der dette samsvarar med talemålet).
4. Øy-lyden må på norsk skrivast "øy" og ikkje "øi" slik ein gjer på dansk. Eks. frå Karmøy: Gardsnamnet/stadnamnet Høynes skriv me med øy medan dei som har det som slektsnamn brukar den gamle danske skrivemåten Høines.

Med vennlig hilsen

Knut H. Nesse
overingeniør

Postadresse
Rådhuset, 4250 Kopervik
Besøksadresse
Statsråd Vinjes gt. 25, Kopervik

Sentralbord/Serviceorg
52 85 75 00 / 52 85 75 10
Telefax
52 85 22 32

Bankgiro
7370.05.05283
Organisasjonsnr
940 791 901

E-postadresse
postmottak.sentral@karmoy.kommune.no
Internett
www.karmoy.kommune.no